



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

Arkivsaksnr: 17/670
Arkiv: PLANID - 201704,
K2 - L12
Saksbehandlar: Knut Frode
Framstad

Saksnr.	Utval	Møtedato
14/19	Kommunestyret	21.03.2019

Reguleringsplan for Heranglie. Vedtak av plan

Utskrift til:

Vedlegg:

08.03.2019	1 Plankart	129336
08.03.2019	2 Foresegner	129337
08.03.2019	3 Planskildring	129332
08.03.2019	4 Alternativ plan	129333
08.03.2019	5 Analyserapport mot temadata i DOK	129334
08.03.2019	6 ROS-analyse	129335

Bakgrunn for saka:

Formannskapet har gjort slike vedtak i saka:

1. Sak 24/18 den 22.02.2018: «*Formannskapet er positive til at det blir arbeidd vidare med reguleringsplan for Haukhøvda bustadområde. Formannskapet bed om at det blir etablert dialog med eigar av 34/1 for å få avklart ambisjonsnivå og rollefordeling mellom grunneigar og kommunen.*»
2. Sak 55/18 den 28.06.2018, etter varsel om oppstart: «*Formannskapet bed rådmannen arbeide fram reguleringsplan for Heranglie bustadområde. Planområdet skal i grove trekk ha slik avgrensing som det går fram av vedlagt «Forslag planavgrensing». Sør for L2 skal vegen V1 ha føremål gang- og sykkelveg, men det skal gå fram av plandokumenta at vegen skal kunne omregulerast til køyreveg ved framtidige utvidingar av bustadområdet.*»

Etter dette har rådmannen utarbeidd detaljert planforslag. Planforslaget vart oversendt konsulentfirmaet Plan og Oppmåling Valdres for kvalitetssikring og innspel. Dei har berekna skjæringar og fyllingar av vegane. Planforslaget er noko justert etter det og rådmannen har sett på ei alternativ løysing.

Vurdering:

Vi viser til vedlagt planskildring for nærare framstilling og vurderingar.

Området er bratt og krevjande å planlegge. At veg- og tomtestrukturen er optimalt tilpassa terrenget er avgjerande for å få eit godt fungerande og godt estetisk tilpassa bustadområde. Rådmannen vil oppmode formannskapet til å ta stilling til om ein skal bruke meir ressursar på alternative løysingar før ein legg ut planen til offentleg ettersyn.

Rådmannen legg saka fram for formannskapet med slikt forslag til vedtak:

Formannskapet legg reguleringsplanen for Heranglie, slik det går fram av vedlagte dokument, ut til offentleg ettersyn. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

Formannskapet 17.01.2019:

Behandling:

Samrøystes vedteke

FS- 09/19 Vedtak:

Formannskapet legg reguleringsplanen for Heranglie, slik det går fram av vedlagte dokument, ut til offentlig ettersyn. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

Handsaming etter offentlig ettersyn:

Planen låg ute til offentlig ettersyn i perioden 21.01.2019 – 04.03.2019. Sjå vedlagt planskildring for referat av innkomne merknader og vurdering av desse.

Rådmannen legg saka fram for kommunestyret med slikt forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek reguleringsplan for Heranglie slik det går fram av vedlagt plankart og føresegner dagsette 08.03.2019. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Kommunestyret 21.03.2019:

Behandling:

Samrøystes vedteke

KS- 14/19 Vedtak:

Kommunestyret vedtek reguleringsplan for Heranglie slik det går fram av vedlagt plankart og føresegner dagsette 08.03.2019. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Rett møtebok: